

Fra: Kjerstin Kragseth <kjerstinkragseth@gmail.com>
Sendt: onsdag 23. august 2023 21:03
Til: Post Osterøy
Emne: Etterlysing av ferdigstilling av tippet i Øvste Mjelde

I 2011 fekk Osterøy Entreprenør løyve frå Osterøy kommune til å fylle masser i Statens vegvesen sin eigedom, gnr/bnr 52/41 og gnr/bnr 52/3 i eit område i svingen nedanfor Træ og Ambogen i Mjeldalen på Osterøy. Saksnummeret frå 2011 er 11/203, og frå 2019 19/526. I høve til dette tiltaket har vi fleire spørsmål vi vil ha svar på.

1. Osterøy Entreprenør har oppgitt i søknaden frå 2011 at det ikkje «foreligger fare eller vesentlig ulempe som følge av andre naturforhold». Osterøy kommune vurderte aldri naturmangfoldet og dei sjeldne artane som fanst i Blautemyra, som området heiter. Dette var ein svartorsump med tre som stod i vatn, ein sandete botn kransa med siv, ulike typar gras og blomar, og mykje insekter, artar som ikkje fanst andre stader. **Kvifor undersøkte ikkje Osterøy kommune dei faktiske forhold i saka, slik at ei kvalifisert avgjerd var mogeleg?**

2. Løyvet har som vilkår at det skal fyllast med **reine massar** frå anleggsarbeid. Reine massar er stein, sand, jord og leire. Vitner har gjennom dei siste 12 år observert meir enn reine massar på området. Her er dumpa grøftekantar, hageavfall, bygningsdelar, asfalt, betongdelar, ein kum og diverse metallskrap. Sedimenta etter slikt avfall vil sige ned og havne i Mjeldeelva og forurense både denne og Mjeldavatnet. I elva er det ørret, og matfat for fuglar og især hegre. **Kvifor har ikkje Osterøy kommune ført tilsyn med at massane som vert fylt på tippet verkeleg er reine?**

3. Svartelista plantar som parkslirekne og kjempebjørnekjeks veks fleire stader på tippet. Når kjempebjørnekjeks som veks i vegkanten no er borte på grunn av kantslått, kan ein rekne med at frø er spreidd til andre område. Det største området med parkslirekne i fyllinga, som dekte omlag 4x2 meter, er no dekt til med jord og sådd i til slåttemark. La oss håpe at planta er handsama med gift, ikkje berre tildekt. **Korleis ser Osterøy kommune på spreinga av desse svartelista artane, og kva har de tenkt å gjere med tilhøva på tippet i Øvste Mjelde?**

4. Kvar er stikkrenner og vasssig som entreprenøren skulle syte for? Vi veit at innbyggjarane i fleire år har vore i kontakt med kommunen per telefon om ureine massar. **Er det teke prøver av vatnet som sig ut av fyllinga, og dersom ikkje dette er utført, når vil dette bli gjort?**

5. Vi kan ikkje sjå at det er lagt inn eit løyve i saka til å nytta arealet som riggområde eller massedeponering. I dag vert området i hovudsak nytta til mellomlagring av masser, maskiner og utstyr. Samt sporadiske tilkjøring av ulike typar avfall. Noko stein innimellom. Eit brev frå kommunen i 2019 slår fast at det ikkje er gitt løyve hverken til masseuttak, eller massedeponering. Kunne ikkje entreprenøren nytta eigne område på Espevoll til dette? **Kva tenker Osterøy kommune å gjere med dette?**

6. Det kan sjå ut som høgda på feltet ikkje lenger er i samsvar med dei teikningane som vart levert av entreprenøren. Er dette kontrollert av Osterøy kommune?

6. Når oppfyllinga er avslutta skal overflata isåast og nyttast til beite eller slåttemark. Sommaren 2023, 18 år etter at det vart starta dumping på eigedomen, og 12 år etter at søknad vart sendt og løyve gitt, må vi som bur i dalen framleis sjå på eit anleggsområde. Osterøy kommune skal føra tilsyn med at arbeidet vert utført i samsvar med vedtaket, og reglar gitt i eller i medhald av lovverket. I arkivsaka ligg det fleire oppmodingar til entreprenøren om å ferdigstille området. Dette vert ignorert gjentekne gonger. Siste

fristen, som entreprenøren sat sjølv, var april 2022. Sommaren 2023 ser det framleis ut som ein anleggsplass, der berre eit begrensa område er planert og tilsådd til beitemark, noko det ikkje kan brukast til så lenge det er et massedeponi der. No er det i ferd med å veksa til med ktrattvekster.

Det kan ut frå arkivmaterialet sjå ut som det er entreprenøren som set premissene i denne saka, og ikkje Osterøy kommune. Kva tenker Osterøy kommune å gjere i høve til frister for ferdigstilling?

Våre spørsmål er basert på ein gjennomgang av arkivmateriale i saka.

Med venleg helsing
Mjeldalen forening for kulturmiljø og historie
V/ Kjerstin Kragseth, styreleiar